

## Krigsminne frå 1808

Kronologisk  
Innholdsregister

Tematisk  
Innholdsregister



### Feavl i Oppdal gjennom hundre år

Av: Tore Fagerhaug  
(Foto: Tore Fagerhaug)

Dei første ti-femten åra først på 1800-talet er mellom dei svartaste i historia vår. Årvoksteren slo feil år etter år. Folk svalt og leid vondt. Attåt var det ufred ute i Europa: napoleonskrigane. Av forskjellige grunnar kom Danmark-Norge til å stå på «feil» side, med Napoleon og dermed mot England og mellom anna Sverige. Dette fekk store konsekvensar for Norge. Henrik Ibsen er vel den som best har gjeve uttrykk for stoda, i *Terje Vigen*:

*Engelske kryssere stengte hver havn,  
i landet var misvekst og nød;  
den fattige sultet, den rike led savn,  
to kraftige armer var ingen til gavn,  
for døren stod sott og død.*

Sokneprest Cornelius Thomas Rønnau i Oppdal var samstemt. I ein song *For Opdals Landeværn i Foraaret av 1808*, sparkar han til engelskmennene så det forslår:

*Sligt Kræmmerpak som Britterne,  
nei det har ingen Lige!  
forband det Vid, der skaber Ve,  
og Guld som stifter Krige!  
Ved Deres Raadsals Diebolebord  
besluttet Vold og Ran og Mord.  
Sligt Kræmmerpak som Britterne,  
nei det har ingen Lige!*

- - - -

*I Øst og Vest og Syd og Nord  
blev Engelskmænd et Skiændselssord.  
Dog overgaae de selve sig  
naar Venskab de tilsmile.*

Svært skuffa er Rønnau over svenskane:

*Sist voldte Svensken Brittens Fald,  
nu Britten Svensken kiøber.*

Våren 1808 var krigsfaren stor. All erfaring viste at den var størst på Austlandet, aust

for Glomma. Derfor vart avdelingar frå fleire kantar av landet sendt dit for å demme opp for venta svenske åtak. Første Grenaderbataljon av 2. Trondhjemske Regiment var mellom dei troppane som vart kommanderte til Sølør tidleg april 1808. Major Johan Georg Ræder var sjef. Under Ræder marsjerte Det Sundalske Compagnie med sin sjef, kaptein Nikolai Dreyer.

Aust for Flisa stod ei svensk avdeling under oberstløytnant Carl Pontus Gahn. 24. april bestemte oberst Gahn seg for å marsjere mot Kongsvinger. Men dei vart oppdaga av norske speidrarar. Dermed var ikkje kampen til å unngå.

Eg skal ikkje her gå nærmare inn på forløpet av slaget ved Trangen i Solør. Den som vil kan sjølv leite fram stoff; det er skrive mykje om slaget. - Men vi som er litt eldre hugsar vel frå leseboka vår bildet av den tapre kaptein Dreyer på stubben: For å oppmuntre soldatane sine, viste han stort personleg mot ved å klatre opp på ein stubbe. Derifrå kommanderte han samtidig som han sjølv skaut på svenskane. Det var sjølvsgatt ei svært farleg stilling. Tradisjonen vil ha det til at han vart såra av sju kuler. Etter slaget vart han frakta til garden Sønsterud ikkje langt frå Flisa, der han døydde fire dagar seinare.

Det går mange risper og hermer i bygdene etter både store og små hendingar. Slik er det og etter slaget ved Trangen. Bestemor Stuggu fortalte om kaptein Dreyer og sundalingane, vidareført til meg av onkel Ola:

Det var mange oppdalinger med i kompaniet til Dreyer. Han såg at soldatane var på vikande front; svenskane gjekk hardt på med bajonettane. Han oppildna mennene sine med å rope: «Stå, sunndøler, stå!» Og så sprang han opp på stubben. «E ha mang en gong lurt på kverre oppdalengan va akkurat da,» fortalte bestemor. «Og e ha komme te di at enten sto dem allerede, inn så ha dem sprøinne sin veg for le'ng sia.» - Rett eller urett, sjølvironien var bitande.

Ingebrigts Knudsen Snøve var med i slaget. Han var fødd i 1774, son av Knud Ingebrigtsen og Dordi Olsdotter. Han fekk medalje for tapper og solid innsats etterpå. Ingen oppdaling fall i slaget, derimot to rennbygger: Anders Amundsen Hæverli (1783) og Erik Pedersen Monsløkkja (1784), frå ein husmannsplass under Gisnåsen, derned.

Få veit at i Oppdal finst krigsbytte frå Trangen: to speglar, den eine med ualminneleg forseggjort ramme, på Gammel-Auna og ein vakker feldkniv med masingskaft i Utigard Sæter. Johan Dybendahl, Åsnes (lokalhistorisk interessert person med store kunnskapar om Trangen-slaget og Sønsterud gard), fortel at så vidt han veit er desse gjenstandane no dei einaste registrerte etter slaget ved Trangen.

I februar 1963 sende Norsk Etnologisk Gransking ut ei spørjeliste der dei ville ha tak i munnlege tradisjonar frå åra rundt 1814. Frå ein medarbeidar i Gausdal, Anders Fedie, Follebu, kom det svar. (Fedie hadde vore gardskar på Mjøa, Majorgarden. Han og familien budde borti Brennan):



«Fra 1926 til 1932 var jeg i fjellbygden Oppdal, Sør-Trøndelag. En dag i 1930 sat jeg inne i en vakker stue paa gaarden Gammel Aune, som ligg ved vegen mot Sunndalen litt vest for Oppdal stasjon. Jeg sat og snakket med den gamle føderaadsmann paa gaarden, som var en god forteller. Det var mange gamle vakre

ting i stuen og jeg ble særlig interessert i et ca. 1 m langt smalt speil i en spinkel men vakker rokokkoramme og jeg spurte hvor dette speilet skrev seg fra. Den gamle fortalte da at i 1808 var det på nabogaarden Utpaa Auna en kraftig kar som hette Ola. Han var grenader og var med i kampen ved Trangen. Da han kom hjem, hadde han baaret med seg fra Trangen 2 speil i rammer og 2 sølv spiseskjeer, og både speilene og sølvskjeene kom hit, og speilene er her enda, men sølvskjeene var det en Bangfil fra Trondheim som fikk kjøpt i 1870-aarene. Denne Bangfil plyndret bygda for mye vakkert sølvstøy.

At grenaderen hadde baaret med seg dette lange speilet i den spinkle fine rokokkoramme fann jeg helt usannsynlig, og hvem hadde slike speil ved Trangen, midt i ville skogen?

Jeg spurte om jeg kunde få se det andre speilet, og den gamle reiste seg og bad meg bli med opp i 2. etasje i bygningen. På et rom her hang det et speil på veggen, det kunde være 45 x 35 cm utvendig maal på rammen. Rammen var ca. 6 cm bred og hadde en enkel, vakker profil. I stedet for hulkil var det midt etter rammelisten et avrundet felt, og på dette felt rundt rammelisten var det limet fast en remse av fint skind som det var presset inn et vakkert mønster på. Speilglasset var tykt, ca. 2 1/2 cm, og det var avslepet en 4 cm bred kant rundt.

Den gamle fortalte nu at grenaderen fra Utpaa Auna hadde vært med på å plyndre bagasjesleden til den svenske oberst Gahn. Den gamle var sikker på at tradisjonen var riktig, og da jeg ikke i tvil om annet end at dette var speilet til oberst Gahn. Speilet var vakkert og helt gjennom solid og sterkt og skikket til bruk i felten, og et så stort speil var det nok ingen annen som førte med seg ved Trangen.»

Den same informanten skriv om eit anna gardsbesøk:

«Litt vest for Gammel Aune etter samme vegen ligger en liten vakker gård Utigard Sæther, som har vært i slektens eie i 300 år. Her var det mange gamle ting. En dag i 1929 besøkte jeg gaardens daværende eier som også hette Ola. Han fortalte at hans oldefar Ola, som var en av Opdals sterkeste menn, var grenader, og under krigen i 1808 var han med i kampen ved Trangen.»

Efter kampen tok Ola seg av en hardt saaret svensk løitnant og bar ham på ryggen fra Trangen og ned i bygda. Den svenske løitnant viste Ola sin takknemlighet ved å forære ham en meget vakker foldekniv med bredt blad. Saa godt eggejern har det aldri vært her på gaarden, fortalte Ola Utigard Sæther, og hans oldefar brukte denne kniven til barberkniv saa lenge han levet. Denne kniven blir tatt godt vare på av folket på Utigard Sæther.»

På bilda ser vi dei to speglane på Gammel-Auna og kniven i Utigard Sæter.